



Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 06.06.2019
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Roy Bø	FRP	Kenneth Taule Murberg - H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, fungerande leiar teknisk forvaltning Silje Haukedal i sak 32, arealplanleggjar Rolf Raknes i sak 32, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det møtte 6 av 7 medlemmar i formannskapet.

Saksliste

Saksnr	Tittel
019/2019	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
020/2019	Tilskot til drift og vedlikehald av veglysanlegg på Rossnesvegen, Kjenesvegen og Risnesvegen
021/2019	Søknad om tilskot frå næringsfondet - framføring av straum til ny driftsbygning

- 022/2019 Ekstraordinære tilskotsordninger 2019 - retningslinjer
- 023/2019 Rekneskap og årsmelding 2018
- 024/2019 Disponering av mindreforbruk 2018
- 025/2019 Tertialmelding januar - april 2019
- 026/2019 Budsjettregulering vår 2019
- 027/2019 Kommunal garanti for lån Aufera AS
- 028/2019 Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring
- 029/2019 Sambandet Vest - forslag til planprogram for kommunedelplan
- 030/2019 Meldingar og referatsaker
- 032/2019 Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - temarevisjon - godkjenning

019/2019: Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Behandling:

Finn Frantzen (KrF) er i dag 1. vara og rykkjer automatisk opp som fast medlem i David Aasgard Pletten sin stad.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sette fram følgjande framlegg:

- Finn Frantzen erstattar David Pletten Aasgard som medlem i kontrollutvalet
- Arvid K. Aasgard erstattar Finn Frantzen som 2. varamedlem i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk
- Arvid K. Aasgard erstattar David Pletten Aasgard som medlem i samarbeidsutvalet ved Radøy ungdomsskule

Når eitt medlem i kontrollutvalet må erstattast, skal heile kontrollutvalet veljast på nytt.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til medlemar i kontrollutvalet:

- Kjersti Haugland erstattar Cyril Marøy som fast medlem.
- Elin Morken erstattar May Iren Sylta som 5. varamedlem

Etter dette sette formannskapet som valnemnd fram følgjande felles framlegg:

Medlemmar i kontrollutvalet:

Astrid Nordanger (AP)
Siv Beate Marøy (H)
Finn Frantzen (KrF)
Nils Bård Nødtvedt (FrP)
Kjersti Haugland (SP)

Varamedlemmar:

1. Karolina Vakt skjold (H)
2. Ludvig Grindheim (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. Elin Morken (SP)

Leiar: Astrid Nordanger (AP)

Nestleiar: Finn Frantzen (KrF)

Arvid K. Aasgard erstattar Finn Frantzen som 2. varamedlem i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk

Arvid K. Aasgard erstattar David Pletten Aasgard som medlem i samarbeidsutvalet ved Radøy ungdomsskule

Formannskapet som valnemnd vedtok framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Formannskapet som valnemnd kjem med følgjande innstilling:

Medlemmar i kontrollutvalet:

Astrid Nordanger (AP)
Siv Beate Marøy (H)

Finn Frantzen (KrF)
Nils Bård Nødtvedt (FrP)
Kjersti Haugland (SP)

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Ludvig Grindheim (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. Elin Morken (SP)

Leiar: Astrid Nordanger (AP)
Nestleiar: Finn Frantzen (KrF)

Arvid K. Aasgard erstattar Finn Frantzen som 2. varamedlem i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk

Arvid K. Aasgard erstattar David Pletten Aasgard som medlem i samarbeidsutvalet ved Radøy ungdomsskule

020/2019: Tilskot til drift og vedlikehald av veglysanlegg på Rossnesvegen, Kjenesvegen og Risnesvegen

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune overtek frå Risnes krins grunneigarlag drifta av eksisterande veglys og dei lysa som Risnes krins grunneigarlag fører opp i 2019.

021/2019: Søknad om tilskot frå næringsfondet - framføring av straum til ny driftsbygning

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Jonny Soltveit vert innvilga stønad frå næringsfondet med kr. 40.000,-.

022/2019: Ekstraordinære tilskotsordningar 2019 - retningslinjer

Behandling:

Formannskapet gav full tilslutning til å oppretta ei eingongs ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjonar.

Formannskapet vil øymerka to millionar kroner til tilskotsordninga. Vedtak om økonomisk ramme vert gjort i sak om "disponering av mindreforbruk 2018".

Det var semje om å følgjande redaksjonell endring i forslag til retningslinjer/vilkår for ordninga:

Alle fire skulekretsane skal verta tilgodesett (føresett at det kjem søknader).

Etter dette kjem formannskapet med følgjande tilråding til kommunestyret:

Radøy kommune opprettar ei ekstraordinær søkbar tilskotsordning til laga og organisasjonar. Ramme for løyvinga vert vedteke i sak om "disponering av mindeforbruk 2018".

Vilkår for ordninga:

- Ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.
 - Det vert sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vert 1 000 000 sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løyving pr tiltak og kr 500 000 kr til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løyving pr tiltak.
 - Det vert sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løyving på 75 000 kr pr lag.
 - Dersom det ikkje er søknader på begge ordningar, kan det løyvast til den andre ordninga innan totalramma.
- Søknaden skal innehalda ein omtale av tiltak, og budsjett for tiltaket.
- Alle fire skulekretsane skal verta tilgodesett (føresett at det kjem søknader).
- Rådmannen administrerer og lyser ut ordninga. Søknadsfristen vert sett til 1. september. Formannskapet gjer endeleg vedtak i saka.
- Midlane vert utbetalt når vedtaket er gjort. Tiltaka skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket.
- Unyttta midlar eller midlar nytta i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. mars 2021.

Vedtak:

Radøy kommune opprettar ei ekstraordinær søkbar tilskotsordning til lag og organisasjonar. Økonomisk ramme vert fastsett i sak om "disponering om mindreforbruk 2018".

Vilkår for ordninga:

- Ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.
 - Det vert sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vert 1 000 000 sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løyving pr tiltak og kr 500 000 kr

til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løyving pr tiltak.

- Det vert sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løyving på 75 000 kr pr lag.
- Dersom det ikkje er søknader på begge ordningar, kan det løyvast til den andre ordninga innan totalramma.
- Søknaden skal innehalda ein omtale av tiltak, og budsjett for tiltaket.
- Alle fire skulekretsane skal verta tilgodesett (føresett at det kjem søknader).
- Rådmannen administrerer og lyser ut ordninga. Søknadsfristen vert sett til 1. september. Formannskapet gjer endeleg vedtak i saka.
- Midlane vert utbetalt når vedtaket er gjort. Tiltaka skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket.
- Unytta midlar eller midlar nytta i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. mars 2021.

023/2019: Rekneskap og årsmelding 2018

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Rekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent slik dei ligg føre.

024/2019: Disponering av mindreforbruk 2018

Behandling:

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Frå disposisjonsfondet skal det øyremerkast kr 2.000.000,- til søkbar ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjonar.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Bokført mindreforbruk frå 2018, kr 21.431.337 vert sett av til fritt disposisjonsfond.

Frå disposisjonsfondet skal det øyremerkast kr 2.000.000,- til søkbar ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjonar.

025/2019: Tertialmelding januar - april 2019

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og sa at drifta er under rimeleg god kontroll. Han melder også om god skatteinngang for mai.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – april 2019 vert godkjent slik den ligg føre.

026/2019: Budsjettregulering vår 2019

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen (AP) peika på behovet for vedlikehald og oppgradering av uteområdet og leikeutstyr ved Hordabø skule.

Rådmannen ser på saka til møtet i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Budsjett 2019 vert endra i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A, 1B, 2A og 2B

Drift skjema 1A og 1B

Skjema 1A

Redusert eigedomsskatt	400 000
Auka utbytte BKK	(1 738 000)
Redusert rammetilskot	1 669 000
Kompensasjon borfall verk og bruk	(40 000)
Auka skatteinngang	(282 000)
Bruk av disposisjonsfond	(2 075 000)
Sum endring skjema 1A	(2 066 000)

Skjema 1B

Sum stab og fellestenester	-
Sum oppvekst	853 000
Sum helse og omsorg	91 000
Sum drift og forvaltning	1 122 000
Sum 1B	2 066 000

Investering skjema 2A og 2B**Skjema 2A**

Bruk av lån, unyttta lånemidlar	(5 360 000)
Sum skjema 2A	(5 360 000)

Skjema 2B

Overføring kyrkja	4 700 000
Trafikksikringstiltak	2 750 000
Bø barnehage	(6 850 000)
Sæbø skule uteområde, meirkostnad	300 000
Radøy ungdomsskule oppgradering	1 100 000
Turveg/lysløype Manger	2 400 000
Straum til Klesvika	150 000
Inventar og utstyr Solhall	660 000
Prestegarden/Tingstova	150 000
Sum skjema 2B	5 360 000

027/2019: Kommunal garanti for lån Aufera AS

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen (AP) sit i styret i Aufera AS, og ba formannskapet vurderer hennar habilitetet i saka. Formannskapet erklært Floen inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og svarta på spørsmål.

Formannskapet ser behovet for nye lokale til verksemda, og det vart peika kor viktig det er å ha denne typen arbeidsplassar.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om

høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

028/2019: Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring

Behandling:

Ordføreren sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet vedtok framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Saka vert utsett.

029/2019: Sambandet Vest - forslag til planprogram for kommunedelplan

Behandling:

Formannskapet vedtok planprogram for kommunedelplan for Sambandet Vest.

Vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan Sambandet vest, datert 04.05.19, vert lagt ut på offentlig høyring og ettersyn, samt at det varslast oppstart av arbeid med kommunedelplan for Sambandet vest. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-13 og 11-12, samt forskrift om konsekvensutgreiing § 6.

030/2019: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Investeringsprosjekt 2019 - status: - orientering v/rådmannen

Rådmann Jarle Landås orienterte om oppfølging av investeringsprosjekt i 2019. Han sa at dette er tidenes investeringsbudsjett i Radøy. Rådmannen peika på at det er krevjande med så mange prosjekt.

Oversikt over prosjekt

- Radøyhallen har blitt gradvis oppgradert år for år, og i 2019 står det ein million på budsjettet. Det er

nødvendig med nytt golv i symjehallen, oppussing av terapigarderoben og heis til terapibasseng.
- Det er sett i gang moglegheitsstudie for utbygging av Manger skule, som skal vera ferdig i august. Arbeid med reguleringsplan for området er i gang. Det er sett av 1,5 mill. til dette.

- Oppgradering av naturfagsal ungdomsskule

- Uteområde Sæbø skule – drenering, asfaltering og leikeapparat er på plass.

- Rådhus, kulturhus, kino – med ei budsjettramme på 5 mill. i 2019 og tilsvarande i 2020.

- Austebygd barnehage småbarnsavdeling - Del 1: tilbygg og innvendig endring. Arbeidet er planlagt starta opp 1. juni og vere ferdigstilt til starten på nytt skuleår. Del 2: uteområdet. Det vert laga ein plan for uteområdet, deretter anbod. Prosjektet er forventa gjennomført innanfor budsjett på kr. 2 900 000.

- Full oppstart vert sannsynlegvis etter sommarferien.

Forventar å halda budsjettramme i 2019 på kr. 47 000 000.

- Solhall oppgradering - Ferdig 06.06.2019. Vedteke budsjettramme for 2019 er på kr. 19 230 000.

Totalramma ser så langt ut til å verte overskrida med om lag kr. 1 100 000.

- Raunholmskogen: Arbeidet er godt i gang – forventa at alle tre bustadane vil stå ferdig i år.

- Oppgradering av omsorgsbustadar i Hannesvegen: Konkurransen er lyst, tilbudsfrist 11.06.2019.

Antatt at arbeida vil starta opp etter sommaren. Berre ein og ein bustad kan oppgraderast og prosjektet vil truleg fortsetja ut i 2020. Vedteke budsjettramme er kr. 3 500 000.

- Vassbasseng Haukåsen Ny vassleidning Austmarka – Storsandvik: prosjektet vert ferdigstilt i desse dagar. Det er sett av kr. 1 mill. på årets budsjett. Kostnadsoverslaget er på 2,9 mill. Mesteparten av kostnadane kjem i 2019, og ikkje i 2018, slik ein trudde.

- Vassleidning Vetås-Haukeland-Storheim: Forprosjektet og skissert trasé er ferdigstilt og informasjonsmøte med berørte bebuarar er halde.

- Prosjekt Vassleidning Manger ved Rådhuset: dette prosjektet er ikkje starta opp.

- Prosjekt Hovudreinseanlegg Manger: prosjektering av nytt reinseanlegg (inkl. sanering Mangersvågen, nye leidningsnett Mangersvågen og ny pumpestasjon) er godt i gang. Ein forventar oppstart av arbeida hausten 2019. Prosjektet er så langt innan for budsjett.

- Prosjekt Storsandvik – oppgradering og flytting av slamavskiljar: ferdigstilling av prosjektet er forseinka, og det er etterspurt revidert framdriftsplan. Forseinkingane skuldast i hovudsak naudsynt ekstra arbeid som har kome til.

- Bøvågen reinseanlegg – installasjon av tilbakesikring mot sjøvatn: dette prosjektet er ikkje starta opp. Arbeid gjort i 2017 viste at dette prosjektet er meir omfattande enn antatt, og det er derfor ikkje prioritert.

- Prosjekt Resipientgransking: dette prosjektet er ikkje starta opp.

- Prosjekt Avløpsleidning Vetås-Storheim (kominasjon med VL): sjå vassleidning.

- Prosjekt Parkeringsplass Marøy: Søknad er til handsaming hjå byggesak, og utføringa startar når denne er ferdig behandla. Det er valt entreprenør.

- Prosjekt K48002 Tursti Solendfjellet: det er utarbeidd avtale med grunneigar. Planlegging av stien kan då starta opp.

- Helsehuset – nye vindauge på vestsida. Råteskader på heile veggen med asbestsanering gjer at sluttsommen kom på ca 1,283 mill. kroner, medan opphoveleg tilbudspris var på kr 401.000,-.

- Asfaltering kommunale vegar – oppstart denne veka – ferdigstilt før 1. september.

- Oppgradering av veg til Nøtlevågen – konsulent har sett på moglege tiltak på vegen, og skal utarbeida ei enkel skildring av arbeida før arbeidet blir lyst ut.

- Rehabilitering av ballbinge Sæbø er ferdigstilt.

- RIB-oppgradering – det er utarbeidd investeringsplan for Radøy interkommunale busenter. Det vil vera stor kostnad med oppgradering av bad, og det skal vurderast alternativ plassering.

- Turveg – det er henta inn prisa på treningsapparat i løypa.
- Helsehuset: Det er kartlagt korleis dei tilsette ønskjer eigen inngang til helsestasjon og betre venterom.
- Trafikksikringstiltak – støypekant på Sævdal – og to lys. Statens vegvesen har løyvd 78.000 kroner til prosjektet – og det er behov for 70-80.000 kroner av kommunale midlar for å gjennomføra prosjektet.

Bruk av rådhuset: Kultursjef i Alver, Erik Bouwer Utne orienterte om arbeidet med framtidig bruk av rådhuset på Manger. Han ser mange moglegheiter for sambruk. I planane så langt er biblioteket plassert på eitt plan - 1. etasje, ikkje over to etasjar som Mulegheitsstudiet for Manger skisserte. I tillegg til bibliotek, ser ein kulturskulen m/øvingsrom, frivilligsentralen, fleksible kontorplassar og innbyggjarrettleiing som viktige element i det framtidige rådhuset. Eit bygdekontor for lag og organisasjonar er også lansert om ein ide. Men Utne konstaterte at det ikke vil vera rom for både bibliotek og øvingslokale for korps på rådhuset. Det kan bli aktuelt med eit tilbygg som skal romma øvingslokale for korps. Ordførar Jon Askeland spelte inn tanken om å få til eit samarbeid mellom Manger folkehøgskule og kommunen om leige av eit slikt lokale i eit utvida rådhus, og ba kultursjefen ta ein prat med folkehøgskulerektor i rådhus-prosessen.

Sjukefråver - status: Personalsjef Kjetil Morken orienterte om sjukefråveret og dei ulike tiltaka som har vore sett inn for å redusera fråveret. Han konkluderte med at tiltaka ikkje ser til å ha virka. Han informerte om at det er langtidssjukefråveret som gjer klart størst utslag på statistikken. Kirsti Gjetle Floen (AP) gav uttrykk over stor bekymring over eit høgt sjukefråver over tid. Ordførar Jon Askeland sa at han ikkje er tilfreds med at sjukefråveret har lagt over landssnittet i ein god del år.

Bustadsosial handlingsplan: Rådmann Jarle Landås orienterte om eit potensielt bustadprosjekt for unge psykisk utviklingshemma. Prosjektet fekk god mottaking i formannskapet.

Publikumstiltak ved fotballbaner: Kommunestyret har i eit verbalpunkt bede om publikumstiltak ved fotballbaner - t.d. i form av overbygg. Formannskapet har vedteke ei tilskotsordning som lag og organisasjonar kan søkja om tilskot frå til ulike tiltak på bygg og anlegg. Formannskapet konkluderer med at denne ekstraordinære tilskotsordninga er svar på verbalpunktet.

Møteplan: Formannskapet opnar for at det kan verta behov for eit møte i formannskapet også etter at Alver kommunestyre er konstituert. Dette gjeld handsaming av saker som berre driftsmessige forhold i Radøy i 2019, og ikkje saker som kan binda opp Alver kommune.

Ergoterapeut: Rådmannen informerte om at det vil vera tilsett ergoterapeut i Radøy kommune frå 1. august i år. Ergoterapeuten skal ha kontorstad på Helsehuset.

Barnehage: Kirsti Gjetle Floen (AP) tok opp misnøye som foreldre i Bø barnehage har kome med knytt til mellombels overflytting til Solhall på Manger medan det vert bygt ny barnehage på Bø. Rådmannen viste til at det er sendt brev til foreldra om at det er praktiske grunnar til at barnehageborna frå Bø flyttar inn i det eksisterande barnehagelokalet i Solhall - og ikkje i dei nye lokala. Han understrekar at dette er gode lokale og at det er eit oppgradert uteområde for alle. Formannskapet gav administrasjon full tillit til det arbeidet som er gjort.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

032/2019: Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - temarevisjon - godkjenning

Behandling:

Fungerande leiar teknisk forvaltning, Silje Haukedal og arealplanleggar Rolf Raknes presenterte arbeidet som har vore gjort med kommuneplanen.

Delrevisjonen av arealdelen i kommuneplanen har grunnlag i planstrategi for Radøy kommune 2012-2016, vedteke i møte 01.11.12, sak 079/2012. Etter planstrategien skal revisjonen omfatta føresegner, strandsone og havområde, samt bustadar i LNF-område.

Det vart vist til at tema for delrevisjonen kjem fram av oppstartsvedtak og vedtak om oppstartsvarsel og offentlig ettersyn for planprogram, samt planprogrammet vedteke i sak 010/2014:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.
- Strandsone, byggegrense mot sjø, arealføremål i sjø og havområda
- Heilårsbustadar på frådelt eigedomar i LNF-område

Det vart vist til at tema er valt med tanke på at dei ikkje utløyser krav om full konsekvensutgreiing og inneber at det ikkje kan gjerast endringar i blant anna arealføremål.

Det er kome inne ein god del innspel i planprosessen. Dei private innspela går i hovudsak på endring av arealføremål. Dette er endringar som ikkje er ein del av temarevisjonen og som vil utløysa krav til full KU og som dermed ikkje kan takast med i denne planprosessen.

Administrasjonen har konsentrert seg om å løysa innspel/motsegn som er kome frå Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, ettersom dette er tilhøve som potensielt kunne ha stoppa planen.

Mange av innspela som har kome frå dei offentlege instansane har vore enkelttilhøve som går på retting av eksisterande plan, sikring av kulturminne og plantekniske løysingar.

Ut over dette har det særleg vore følgjande tema som har vore gjenstand for diskusjon;

- Størrelse på LNF-SP eksisterande område, her under kor mykje ein kan få byggja på desse eigedomane og plassering av desse i den funksjonelle strandsona.
- Opning for fortetting i bustadområde i føresegna utan krav til regulering.

Administrasjonen viste til at desse tilhøva er løyst i planforslaget.

Leiar teknisk forvaltning oppsummerte kva ein oppnår med planen slik den no ligg føre:

- Radøy kommune får eitt overordna felles planverktøy for heile kommunen (kommunedelplan Manger og sør er tatt inn i kommuneplanen).
- Basert på funksjonell strandsoneanalyse er det lagt til byggegrense til sjø i dei områda som ikkje hadde dette tidlegare. Kommuneplanen regulerar dermed byggegrense til sjø i byggeområde.
- Det er rydda i arealføremåla, samt føresegna til sjøområda. Dette inneber blant anna at det er klart at fortøyingar til akvakultur kan liggja utanfor sjølve AK-område utan at dette krev dispensasjon. Eksisterande frådelt heilårsbustadar i LNF-område utanfor funksjonell strandsone er endra til LNF-SE (LNF spreidd eksisterande). Dette inneber at det vert opna for byggetiltak utan krav om dispensasjon.

Avslutningsvis peika administrasjonen på at det kan vera gode grunnar for å leggja til ein # framfor planid til gjeldande reguleringsplan i plankartet, og same # i teiknforklaringa til føresegningsområde slik at det skal bli endå meir tydeleg at desse føresegnene gjeld for dette området. Dette er ikkje gjort i plankartet slik det ligg føre, men administrasjonen ber om at det vert gjort vedtak om at dette kan leggjast inn.

Formannskapet stilte ei rekkje spørsmål som administrasjonen svara på.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til revidert Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning med heimel i plan- og bygningslova § 11-15. Formannskapet rår til at kommunestyret vedtar planforslaget slik det ligg føre.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.
